



Marius Rødland  
Steinsvikvegen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/250 - 21/10828

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no


Dato:  
17.02.2021

## Førbels svar på mangelbrev - gbnr 106/17 Fanebust

Syner til dykkar e-post motteken 15.02.2021 med svar på vårt brev datert 03.02.2021 gjeldane trong for tilleggsopplysningar.

Me har sett litt nærare på det som går på rapport frå fagkunnig geolog og står på at søknaden må supplerast med ei fagleg geologisk vurdering innan fristen sett i brevet vårt datert 03.02.2021. Dette gjeld både for delings-saka og byggesaka. Om fristen vert for knapp for å få dette på plass kan de be om utsett frist.

I fylgje NVE Atlas er eigedomen omfatta av aktsomheitsområde for snøskred.



Figur 1 Aktsomheitskart NVE

Før kommunen kan handsame søknaden om frådelling og oppføring av driftsbygning må naturfaren vera avklart jf. plan- og bygningslova § 28-1. Av TEK17 § 7-3 andre ledd kjem det fram at driftsbygningar er plassert i sikkerheitsklasse S2. Det er naudsynt med ein stadfesting på at tiltaket oppfyller akseptkriteria i TEK17 § 7-3. Dette fylgjer også plan- og bygningsloven § 29-5.

Dokumentasjon på at tiltaket er tilstrekkeleg sikra mot vesentleg ulempe som fylgjer av natur- eller miljøtilhøve, og trong for sikring, skal fylgja søknaden ved innsending jf. SAK10 § 5-4 tredje ledd bokstav g.

Me gjer samstundes merksam på at i KDP for Lindås( kommunedelplan for Lindås, tidlegare kommuneplan for Lindås) kjem det fram at område er omfatta av faresone H310. Under punkt 4.1.3 står det fylgjande;

*«Denne markerer faresona både for potensielt utløysingsområde og utlaupsområde. Ved utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak etter pbl. §§ 20-1 bokstav a, b, d, g, j, k, l og m samt 20-4 bokstav b og c, skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras for utløysingsområde og utlaupsområde. Dersom det vert avdekket risiko/fare, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras vera gjennomført eller dokumentert før det kan gjevast løyve til tiltak.»*

Faresona som kjem fram i KDP for Lindås er samanfallande med faresonene på NVE Atlas. For meir informasjon om utbygging i fareområder, sjå her:

<https://dibk.no/saksbehandling/kommunalt-tilsyn/temaveiledninger/utbygging-i-fareomrade-nynorsk/>

Når det gjeld kulturminne/ Tronhjemske postveg avventar me eventuell merknad på dykkar nabovarsel til Vestland fylkeskommune.

Når all tilleggsinformasjonen er motteke vil me senda søknaden til uttale til mellom anna Vestland Fylkeskommune. Etter at fristen for å koma med uttale er ute vil me ta saka opp til handsaming.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Marius Rødland

Steinsvikvegen 16

5955 LINDÅS